

**HORDALAND BONDELAG**

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø  
Norge

Vår sakshandsamar  
Maria Makloufi Skjold

Vår dato  
21.08.2013  
Dykkar dato  
21.08.2013

Vår referanse  
13/00948-2  
Dykkar referanse  
2013/670-0-17160/2013

## **Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn, gbnr 106/12 m.fl**

Hordaland Bondelag syner til brev om offentlig ettersyn av reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn av 08.07.13, og gir med dette vår merknad.

Vi syner til merknad frå Solveig Vabø og Magne Rødland, og vil med dette gi dei vår støtte. Hordaland Bondelag ser positivt på utvikling i distrikta, men det må ikkje gå på bekostning av bønder som lever av gardsdrifta. I dette høve risikerar vi at eit mjølkebruk i full drift må leggjast ned, som følgje av store driftsulemper.

I ROS analysen er det ikkje registrert verksemd i nærleiken som forårsakar lukt eller støy. Etter vår erfaring vil eit mjølkebruk i full drift tidvis føre til støy og luktplagar, sjølv om drifta er hygienisk og etter alle forskrifter. Husdyr vil også medføre flueplager. Vi er kjent med at det er auka fare for konflikt dersom bonden endrar drifta, til dømes der tidlegare idyllisk beitemark blir gjødsla (med påfølgande lukt).

ROS analysen konkluderar med at planen ikkje vil ha negativ verknad på miljø, naturressursar og samfunn. Plassering av fleire bustadhus og hytter i planområdet vil likevel gjere det vanskeleg å drive aktivt jordbruk i det nærliggande området. Kommunen må sikre at det ikkje vert lagt restriksjonar på framtidig landbruksdrift, sjølv om ein kan vise til at drifta medfører ulemper/sjenanse for bebuarar og turistar.

Under ”konsekvensar av planforslaget for næringsinteresser” står det ” ikkje aktuelt”, og som svar på merknadar gjentar forslagsstillar fleire gonger at ”Forslaget vil ikkje medføre drift- og miljømessige ulemper for landbruket i området”. Det er likevel klart at næringa på nabogarden vil verte påverka i stor grad, og dette bør takast omsyn til i handsaming av planen.

Både bustadhus, småbåthamn og campingplass vil føre til auke av trafikk på den smale fylkesvegen som nyttast av Vabø og Rødland til gardsdrifta. Drifta inneber køyring med traktor og reiskap mellom teigane, og driving av dyr i veggen. Trafikken vil truleg verte størst om sommaren grunna turistverksemd og småbåthamna, og dette er ei kritisk tid for

### **Bondelagets Servicekontor AS**

**Postadresse:**  
Krokeideveien 13  
5244 FANA  
**Hordaland Bondelag**  
Bondelagets Servicekontor AS

**Besøksadresse:**  
5244 FANA  
**Org.nr.:** 939678670  
**Org.nr.:** 985063001 MVA

**Tlf:**  
55 91 88 80  
**Bankkonto:** 9365.09.64320  
**Bankkonto:** 8101.05. 91392

**E-post:**  
hordaland@bondelaget.no  
**Internett:**  
www.bondelaget.no/hordaland

Vår dato                      Vår referanse  
21.08.2013                      13/00948-2

---

bonden med tanke på beiting av kyr og hyppig køyring til og frå teigar. Garden disponerar teigar på begge sider av bustadfeltet, og det er naudsynt med transport gjennom feltet.

Dyra på denne garden, og andre gardar i nærområdet, må drivast langs vegen til og frå beite. Husdyrforskrifta pålegg bonden å ha kyrne ute på beite dagleg. Vabø og Rødland hadde tidlegare mjølkekyrne ute både på dagtid og nattetid, og dyra vart då jaga langs vegen fire gonger i døgnet (for mjølking). Trafikkforholda på den smale vegen er allereie no slik at dei har redusert jaging av dyra til to gonger i døgnet. Auka trafikk vil føre til at den lovpålagte luftinga av dyra ikkje er mogeleg å gjennomføre.

Utbyggjar gjentar ofte at auka trafikk ikkje vil verte eit problem, til tross for at det er fleire av naboane til planområdet som har påpekt (i merknad til planen) at nettopp auka trafikk vil verte eit problem. Utbyggjar skriv også som svar på merknad frå Jarle Fanebust at driving av husdyr vil verte tatt ”omsyn til på best mogeleg måte med skilting og ev andre tiltak etter behov”. Det bør spesifiserast kva for tiltak og korleis desse tiltaka skal finansierast.

Rødland og Vabø har tidlegare sendt inn merknad, der dei skriv at dei er redd for at konsekvensen av planane er at enda ein gard i Lindås må leggjast ned (deira gard). Utbyggjar svarar at det er lite sannsynleg at planen er årsak til at eit småbruk må leggjast ned. Mjølkebruket til Vabø og Rødland kan ikkje klassifiserast som eit småbruk, og det er dei som driv garden til dagleg som må vurdere om planen fører til så store driftsulemper at dei legg ned. Garden deira er eit av kun tre hentepunkt for mjølk i Lindåsbygda, og vidare drift er viktig både for kulturlandskap, landbruksmiljø og matproduksjon.

Regjeringa sitt mål om å auke matproduksjonen i takt med befolkningsveksten i Norge, gjer at vi må ta vare på det landbruket vi har. Den norske bondestanden er redusert med 40% sidan årtusenskiftet, og mange stader er det lett for bonden å finne betre betalt arbeid. Det er difor viktig at kommunen ser sitt ansvar og syter for at dette mjølkebruket kan halde fram med drifta utan å få rammene stramma inn.

Vabø og Rødland leiger ut areal til eit friluftsområde som vert mykje nytta av lokalbefolkningen. Dei har vore positive til dette sjølv om det auka trafikken, men planforslaget gir så store driftsulemper at dei ser det som vanskeleg å halde fram med drifta. Dersom planarbeidet likevel held fram, må Vabø og Rødland trekkast med i større grad, slik at ulempene vert minst mogeleg for drifta.

Med venleg helsing

*Elektronisk godkjent, uten underskrift*

Frøydis Haugen

Lars Peter Taule

Fylkesleiar

Organisasjonssjef